

Månadsbrev for april frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305:

- ROTARY RYDDAR FOR MILJØET I APRIL OG MAI
- KVA SKJER I DISTRIKTET?
- GLIMT FRÅ PRESIDENTOPPLÆRINGA
- ÅLESUND ØST ROTARYKLUBB FEIRA 60 ÅR
- ENDRINGAR I DISTRIKTSORGANISASJONEN

Kjære Rotarianarar

«Rotary ryddar for miljøet» i april (og mai)




No ligg alt matriell til ryddeaksjonen «Rotary Ryddar» ute på nettsida vår her: [Nyhetsdetaljer | Distrikt 2305](#)

Her finn du:

- Informasjon om kampanjen
- Forslag til artikkel nettside
- Forslag sosiale medier
- Forslag til lokal/regional pressemeldig/underlag
- Kampanjebilder med tekst både på Nynorsk og Bokmål i fleire format.
- Bilder som kan brukast om en ikkje har eigne

I tillegg har vi laga ein film til ryddeaksjonen. Du finn filmen på Instagramkontoen vår **Rotary_2305** og på min private facebook-konto. Framsidebiletet ser du til høgre. Alt kan lastast ned og kan fritt brukast.



Kampanjebileta har den dyktige grafiske designaren Monica Sæther laga til oss heilt vederlagsfritt. Henne finn du på instagram på @kreativsignatur. Bileta viser fleire typer rydding: strandrydding, hage/parkrydding og eit meir generelt bilete av Rotarianarar i Rotarycaps i eit nærmiljø. Tusen takk til fotomodellane våre Morten Samuelsen, Tove Ragna Reksten, Thor Martin Eidem og Otto Kjetil Nytun!



Eg håper at så mange klubbar som mogeleg vil uniformere seg i det dei har med Rotary-logo på, og gå ut og vise igjen i lokalsamfunnet. Synlegheit er den beste vegen til interesse frå potensielle medlemmar, og dette er eit flott høve til å vise at vi i Rotary tek ansvar for miljøet. Så håper eg at de tek mange bilete, så vi har eit større biletematriale å velje frå neste år!



Det spelar inga rolle kva klubbane ryddar - parkar, elvefar eller strender – det viktige er at vi gjer aksjonen under fanen «Rotary ryddar – for miljøet», viser igjen gjennom at vi uniformerer oss og brukar informasjonsmatrialet i media og sosiale media.

Aksjonar er medlemsverving!

Denne aksjonen kan også vere ein fin måte å gjere oss synleg for og til å invitere inn personar som ikkje er Rotarymedlemmer. Våre statistikkar viser at personar under 50 ønskar å vere med på aksjonar – og at fokus på miljø er viktig for potensielle yngre medlemmer. Dess fleire hender – dess meir søppel ryddar vi!



Kva skjer i distriktet?

Viktige datoar i april og mai

01.04 – 01.06: Rotary Ryddar for miljøet

24.04 – 26.04: RYLA Vest på Thon Hotel Ålesund

Glimt frå presidentopplæringa (PETS/PELS)

22-23 mars var det kurshelg for innkommende presidenter på Dombås. Innkommende guvernør Morten Mo ledet samlingen. Han presenterte blant annet innkommende RI-president Mário Cèsar Martins de Camargo fra Brasil, og hans veiledning for året som kommer.



Hovedoppgaven de nærmeste årene er å stanse nedgangen i medlemstall og få til en vekst igjen. Da må vi gjennomføre gode, synlige prosjekter så andre får se hva Rotary er og blir interesserte i å delta. Vi må også være åpne for samarbeid, mellom klubber og med andre organisasjoner. Det er dette som er de Camargos hovedbudskap, **Unite for good!** Vi må ta eksempel av den strålende innsatsen mot polio og bruke samarbeidstanken også i mindre skala.

Vi er også opptatt av å øke kunnskapen om The Rotary Foundation. Kjetil Dalheim fra Raufoss Rotary Klubb viste frem klubbens prosjekt i Kenya og hvordan de hadde finansiert en kjempeinnsats med hjelp av *Global Grants* og bidrag fra verdensfondet.

På samlingen deltok også ni utvekslingsstudenter; både hjemkomne og ungdommer som er på vei ut på utvekslingsopphold. Det var spennende å høre om deres erfaringer og vi gleder oss til å høre mer fra dem i tiden som kommer.



Aalesund Øst Rotaryklubb feira 60 år på Fjellstua

Aalesund Øst Rotaryklubb feira 60-årsjubileum med stil i kuppelen på den ikoniske Fjellstua i Ålesund. Klubbmedlemmar og representantar for dei omliggande klubbane var inviterte til det flotte gildet, som president Kristin Wangensteen leia med stø hand. Til og med veret spelte på lag, og vi fekk oppleve den fantastiske utsikta over Ålesund i solnedgang.



Til venstre: president Kristin Wangensteen saman med chartermedlem Amund Frøysa og kona Kari Frøysa.

I midten: president i Ulstein RK Thor Martin Eidem og meg.

Til høgre: klubben delte ut PHF til to verdige mottakar: Karl Johan Skårsvik, som sidan 2011 har drive matutdelingsprosjektet Suppebilen og skodespelar Astrid Overå som også har drive Teaterfabrikken.



Utsikta fra Fjellstua i Ålesund.

Endringar i distriktsorganisasjonen

Vi treng ny **AG i Hedmark Våqest** etter Arne Fredheim.

Medlemskomiteen trenger nytt medlem fra Kongsvingerområdet. Meld deg til
oscar@hamarvestrotaryklubb.onmicrosoft.com

Alt godt!
Lidun Hareide
Distriktsguvernør 2024 - 2025



Rotary
Distrikt 2305

